

IRLANDSKOMITÉEN OG 1. MAI

Irlandskomitéen i Noreg har vedteki å slutte seg til fylgjande hovudparolar i Fagleg 1. Maifronttoget i Oslo 1977:

1. KAMP MOT ALL IMPERIALISME, NYKOLONIALISME OG SIONISME!

Irland er det landet i Europa der imperialismen gjev seg mest konkret utslag: Den nordlege delen er under beinveges britisk okkupasjon, og den sørlege er ein britisk nykoloni. På same måten som imperialismen har bruka sionismen i Palestina for å kløyve folket etter religiøse, rasistiske og kunstige geografiske skiljeliner, har han bruka oransjismen i Irland for å skapa kunstige skiljeliner mellom katolske og protestantiske arbeidarar. Dei ber båe alle fascismen sine kjenneteikn. Det irske, det palestinske og det azanske folket fører alle den same rettvisse kampen mot imperialismen og hans trugne leigesvein, fascismen.

2. KAMP MOT DE IMPERIALISTISKE SUPERMAKTENE U.S.A. OG SOVJET!

A) Supermakta U.S.A. brukar den britiske okkupasjonsmakta for å fremje sine eigne imperialistiske interesser i Irland. Den britiske heren får våpen og militær trening i U.S.A., og Nord-Irland er eit viktig baseområde for NATO. Amerikanske storkonsern har nyleg gjort millioninvesteringar i Nord-Irland for å spekulera i massarbeidsløysa og dei sosiale mistilhøva der.

B) Supermakta Sovjet søkjer å fremje sine imperialistiske interesser i Irland gjennom det irske revisjonistpartiet "C"PI, som har infiltrert og no kontrollerar satellittorganisasjonen "Offisielle IRA". Men dei irske massane har gjennomskoda denna freistnaden frå sosialimperialismen på å kontrollera og pasifisera den irske frigjeringskampen, og hivi "Offisielle IRA" på historia sin skraphaug. Her i Noreg står "Irlandsfronten" framleis "Offisielle IRA". Alle antiimperialistar bør no avkrevja AKP eit klårt svar på om dei framleis gjennom "Irlandsfronten" står sosialimperialismen sitt agentur i Irland. Heile det revolusjonære venstre i Irland står no betinga den væpna kampen Provisoriske IRA fører mot den britiske imperialismen. Å hevde at det framleis finst "to liner" innafor "Offisielle IRA" er ei grov forfalsking av ein stendig meir openberr røyndom. Samstundes syner sosialimperialismen seg i si mest opne og aggressive form når sovjetiske stortrålarar samarbeider med britane om å plyndre dei irske fiskebankane, og set seg i mot at Irland utvidar fiskerigrensene til usle 50 n.mil. (At ein ikkje høyrer eit pip av protest frå "Offisielle IRA" i denna samanhengen, skulle gjera deira rolle som sosialimperialismen sitt agentur klår ein gong for alle!)

3. FORBY NAZIPARTIET "NORSK FRONT"!

"Norsk Front" har sagt opi frå at det er systerpartiet til National Front i England. National Front er det irske folket sin svorne fiende og samarbeider intimt med den oransjistiske terrororganisasjonen UVF, som har ansvaret for hovuddelen av dei sekteriske morda og terrorhandlingane mot sivilbefolkninga i Nord-Irland.

4. KAMP MOT POLITIVALDET!

Medlemer av Irlandskomitéen søkte å bringe inn motforestillingar mot "Fredskvinnene" frå Nord-Irland då dei var i Noreg for å ta i mot "Folkets Fredspris" i Oslo Rådhus i fjor haust. Dei delte ut løpesetlar og bar plakatlar med påskrifta "England ut av Irland" utanfor Rådhuset. Dei vart brutalt tekne av politiet og slegne helselause på Victoria Terasse i nærveret av fleire høgare polititeneestemenn. Ei slik knebling av ytringsfridomen har enno ikkje hendt i eit einaste av dei andre landa "Fredskvinnene" har vori.

IRLANDSKOMITEEN reiser sjølv dessa parolane 1. mai:

1. FULL STØNAD TIL DET IRSKE FOLKET SIN KAMP MOT IMPERIALISMEN!
2. INGEN FRED UTAN FRIDOM!
3. ENGLAND UT AV IRLAND!
4. "C"PI ER SOSIALIMPERIALISMEN SITT AGENTUR I IRLAND!

Grunngjeving:

Det irske folket sin frigjeringskamp er ein viktig del av den framgangsrike kampen folka over heile verda fører mot den verdsomfemnande imperialismen, leida av dei to supermaktene U.S.A. og Sovjet. Dei såkalla "Fredsfolka" i Nord-Irland, som har vorti møtt med slike ovasjonar i den norske borgarpressa og som fekk "Folkets Fredspris" her i Noreg i fjor, går inn for ein fred på den britiske imperialismen sine vilkår, av di dei ikkje stiller politiske krav som vilkår for ein fred. Ein slik "fred" vil aldri kunne verte nokon varig fred. "Fredsfolka" avslører seg meir og meir som dei agentane åt den britiske imperialismen dei er, og dei allierer seg med dei mest reaksjonære kreftene i Irland. Det einaste grunnlaget for ein varig fred er at England drag seg heilt ut av Irland - både økonomisk, politisk og militært. Men vi må òg stø det irske folket i deira freistnad på å vise attende andre imperialistmakter som søker å vinne innpass. Det gjeld i dag ikkje minst sosialimperialismen. Gjennom sitt agentur "C"PI søker Sovjet å fremje sine interesser i Irland. Dei kontrollerar no "Offisielle IRA", men det irske folket har no heilt synt denna organisasjonen ryggen. Det bør også alle sanne antiimperialistar i Noreg gjera.

KVIFOR FAGLEG 1. MAIFRONT?

Det går i år tre tog i Oslo 1. mai:

A) Samorg.-toget er DNA-og LO-toppen sitt tog. Ved ei rad høve har dei synt seg som det irske folket sine fiendar:

- DNA som parti slutta seg kollektivt til den reaksjonære og proimperialistiske kampanjen for "Folkets Fredspris" til dei nordirske "Fredsfolka" i fjor haust, som ein kunne vente, saman med Høgr
- DNA-regjeringa samarbeider med den britiske krigsmaskinen, og let let britiske soldatar, som har tallause mord på uskuldige irar på samvitet få trenast seg, og ta del i NATO-manøvrar på norsk jord.
- LO-toppen har stilt seg attom "eit betre liv for alle"-kampanjen som revisjonistpartiet, sosialdemokratane og "Offisielle IRA" har igangsett i Nord-Irland for å sløre til dei verkelege motsetniadene mellom den britiske imperialismen og det irske folket.

B) "Sosialistisk Arbeiderenhet" er samansett av partia SV og N"K"P: N"K"P er sosialimperialismen sitt underbruk her i Noreg, liksom systerpartiet deira, "C"PI er det i Irland. Dei er difor det irske folket sin naturleg fiende. "Sosialistisk Arbeiderenhet" har ikkje fått igjennom ein einaste parole i plattformen si som syner solidaritet med det irske folket sin kamp mot imperialismen.

C) Fagleg 1. maifront har eksplisitt vedteki Irlandskomiteen sin hovudparole i paragrafunlaget for 1977. Det er på detta grunnlaget Irlandskomiteen i Noreg oppmodar alle sanne antiimperialistar og vener av det irske folket å slutte opp om Fagleg 1. maifront.

VIS SOLIDARITET MED DET IRSKE FOLKET SIN KAMP MOT IMPERIALISMEN!

SLUTT OPP OM IRLANDSKOMITEENS SEKSJON I FAGLEG 1. MAIFRONT!